

	Fjører som kan 'adopterast' og ryddast av familiar. 'Adopsjonen' varer heile prosjektperioden.
	Fjører som skuleklassar kan rydde for å tene pengar til skuleturar o.l
	Fjører som lag og organisasjonar kan rydde.
	Det kan òg ryddast langsmed vegen og i fjører som kan sjåast i frå vegen. Dette gjeld både Bulandet, Melvær og Værlandet. Lag og organisasjonar for barn får førsteprioritet i desse områda.

Storsekkar og arbeidshanskar får ein ved å snakke med Linda (95773768)

- **Alt** plastavfall skal ryddast
- **Alt** tauverk skal ryddast
- Metallavfall kan takast med om det er mogeleg
- Tre kan samlast og stablast for seg i fjøra
- Anna organisk materiale skal ligge
- Storsekkane må fraktast til ein stad der dei lett kan hentast med båt eller bil og dei må sikrast slik at dei ikkje fyk på havet.
- Ryddarane melder frå til Linda når der er storsekkar som er fulle og kan hentast.

Det vert utbetalt kr 1000,- pr fulle storsekk (1 m³). Det er viktig å ha god dokumentasjon på kvar avfallet kjem i frå. Dei som ryddar må difor fylle ut vedlagde skjema.